

# Sluttrapport

til Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet

# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>2</b>
<b>Innleiing</b> .....	<b>4</b>
Produksjonsskule modellen .....	4
<b>Målgruppe og innsøking</b> .....	<b>5</b>
<b>4 ulike og unike verkstader</b> .....	<b>8</b>
Natur og miljø: .....	8
Mekanisk verkstad: .....	8
Digital verkstad:.....	9
SoMe verkstad:.....	9
Gardsbruket, kantine og internatet: .....	9
<b>Samarbeid og utvikling</b> .....	<b>10</b>
Næringslivet.....	10
Samarbeidsprosjekt.....	11
<b>Måloppnåing</b> .....	<b>12</b>
<b>Økonomi</b> .....	<b>14</b>
<b>Oppsummering og vegen vidare</b> .....	<b>15</b>
<b>Referansar</b> .....	<b>17</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>17</b>

# Samandrag

Hardanger produksjonsskule er eit døgntilbod for ungdommar frå 16 til 21 år som står utafor ordinær opplæring eller arbeid. Målet er å tilbakeføre dei til enten skule, lære eller arbeid i løpet av inntil eit år ved produksjonsskulen. Hardanger produksjonsskule er finansiert av Kunnskapsdepartementet og Vestland fylkeskommune.

Bakgrunn for prosjektet er Riksrevisjonen sin undersøking av oppfølging av ungdom utanfor opplæring og arbeid, jf. Dokument 3:9 (2015-2016)<sup>1</sup>, som fastslår at det finst for få gode tilbod til denne målgruppa, jf. departementets utlysingsbrev til fylkeskommunane av 20.6.2017 (Vedlegg 1.).

Kunnskapsdepartementet innvilga søknaden med projektskisse frå Hordaland fylkeskommune i 2017 (Vedlegg 2, 3 og 4), og utbetalte tilskot til prosjektet i 2017, 2018 og 2019. Totalt har Kunnskapsdepartementet (KD) desse tre åra tildelt kr 14,8 millionar kroner til prosjektet Hjeltnes produksjonsskule som har ved oppstart endra namn til Hardanger produksjonsskule.

Fylkeskommunen har i same periode hatt ein kostnad på 17,9 millionar kroner til drift, og i tillegg investert for i underkant av 4,0 millionar kroner for å leggje til rette for oppstart av produksjonsskulen.

Målet med Hardanger produksjonsskule har vore å utvide tilbodet for ungdommar i fylket som ikkje er i ordinær opplæring, ved å gje dei eit tilbod der dei kan utvikle seg gjennom arbeid og læring til enten å gå attende til skule, ut i lære eller arbeid. Hordaland fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune, har sidan 2015 hatt dagtilbod ved Hyssingen produksjonsskule for ungdommar i Bergensregionen. Ved Hardanger produksjonsskule er det døgntilbod der ungdom frå heile fylket kan få eit tilsvarande tilbod som Hyssingen i Bergen, då dei bur på internat gjennom heile veka og slik ikkje treng å bu i nærleiken til produksjonsskulen. I tillegg har ungdommar frå Bergensregionen som har trong for å komme vekk frå sitt eige nærmiljø, fått eit alternativt tilbod.

Etter innvilga søknad om midlar frå KD og endelege oppstartsvedtak i Hordaland fylkesting, starta Hardanger produksjonsskule opp i august 2018 med å tilsetje naudsynt personale, planleggje og utvikle verkstader som ungdom kunne søkjast inn gjennom Oppfølgingstenesta (OT).

Dei fyrste ungdommane starta 19. november 2018, i verkstadane «Natur og miljø» og «Mekanisk verkstad». Våren 2019 vart nytta til å planleggje, utvikle og tilsetje personale til verkstaden «Digital verkstad». Denne verkstaden opna for innsøking ved skulestart 2019. Siste verkstaden; «SoMe-verkstad» vart planlagt, utvikla og tilsett personell haust 2019/vinter 2020. Målet var oppstart i februar/mars 2020. Grunna Korona vart verkstaden fyrst starta ved skulestart 2020.

Produksjonsskulen er i Vestland fylkeskommune organisert som eit tiltak gjennom Oppfølgingstenesta (OT). I produksjonsskulen er eit løpande inntak gjennom heile året der OT og

---

<sup>1</sup> <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/dokumentserien/2015-2016/dok-3-9-2015-2016.pdf>

produksjonsskulen samarbeider i tråd med felles samarbeidsavtale (Vedlegg 5). OT fyller ut søknadsskjema i lag med ungdommen (vedlegg 6), og ungdommane som vert teken inn og får arbeidsavtale (vedlegg 7), kan vere på produksjonsskulen i inntil eit år. Når ungdommen er ferdig ved produksjonsskulen får dei med seg eit skussmål (vedlegg 8) som gjer greie for kva dei har hatt opplæring i, og kva dei har lært.

Målet for prosjektet har vore å bygge opp ein produksjonsskule med døgntilbod for inntil 40 ungdommar i året, i 4 ulike verkstadtilbod der ungdommar kan få opplæring og utvikling slik at dei er rusta for å gå tilbake til skule, lære eller arbeid. Hardanger produksjonsskule starta fyrst ut i skuleåret 2018/2019 og me har difor skyvd prosjektperioden (og midlane) til også å dekkje skuleåret 2020/2021, og har nådd målet i inneverande skuleår.

Det endelege resultatgrunnlaget for ein heil 3 årsperioden er derfor ikkje slutført når sluttrapporten vert skrivne, og me rapporterer på resultat for dei 2 fyrste åra. Me har derfor også i tillegg til resultat frå Hardanger produksjonsskule også synleggjort resultatata frå Hyssingen produksjonsskule sidan oppstart for snart 6 år sidan. Resultata syner at ungdommar som er utafor ordinær opplæring, og som får tilbod ved produksjonsskular, vil kring 80% av dei gå attende til skule, lære eller arbeid. Dette er av stor personleg verdi for kvar enkelt av ungdommane, og ei god investering for samfunnet i å tilbakeføre ungdommar til skule og/eller arbeidslivet framfor å stå på utsida og måtte ta i mot anna offentlege stønad.

Vestland fylkeskommune ynskjer vidare satsing på produksjonsskulane som varige tiltak, og vonar at våre erfaringar, opparbeidd kunnskap og gode resultat, er grunnlag for at dette kan verte eit statleg tiltak som alle fylker i Noreg kan søkje om statleg med-finansiering til. Være erfaringar og kunnskap vil sjølvsagt vere tilgjengeleg for nye produksjonsskular for slik å gjere oppstart av nye produksjonsskular enklare. Vidare vurderer me at det vil vere hensiktsmessig å også kunne ta ungdommar direkte frå grunnskule, utan at dei må ha eit avbrot i den vidaregåande skule for å vere kvalifisert. Sist meiner me at ungdommane som er knytt til produksjonsskulane bør vere heimla i lov- eller forskrift og ha elevstatus til liks med andre elevar i vidaregåande opplæring og slik vere underlagt dei krav og rettar som opplæringslova gir.



# Innleiing

## Produksjonsskule modellen

Fylkestinget i Hordaland gjorde den 7. mars 2017 (vedlegg 9) vedtak om at fylkeskommunen skal arbeide for å etablere ein ny produksjonsskule med statleg finansieringstilskot. Den nye produksjonsskulen kjem i tillegg til Hyssingen, som ble etablert i 2015 i Bergen. Hyssingen produksjonsskule er eit tilbod på dagtid først og fremst for dei som bur i Bergensområdet. Hardanger produksjonsskule er eit tilbod i distriktet som fangar opp ungdommar frå resten av regionen, eventuelt og frå andre regionar eller fylke. Etablering av eit aktiviserings- og oppfølgingstilbod i distriktet er innovasjonen i prosjektet; ein produksjonsskule som og kan vere eit heildøgntilbod og kan dekke ulike behov i målgruppa.

I etablering av produksjonsskulane i Vestland henta ein inspirasjon frå dansk produksjonsskulemodell. Produksjonsskulane i Danmark vart etablert på 70-talet, og hadde ved prosjektstart over 80 skular med eiga lovgiving. Produksjonsskulene har hatt samarbeid med Produktionsskoleforeningen ([www.psf.nu](http://www.psf.nu)), som ein god inspirator og rådgivar i etableringsfasen. Produktionsskoleforeningen definerer ein produksjonsskule slik: *Produksjonsskolene tilbyr individuelle forløp som tar utgangspunkt i hva ungdommen kan og hvordan ungdommen når sitt mål. Læringsmiljøet utspringer av praktisk arbeid i mindre verkstedsenheter og suppleres av et sterkt og sammenhengende ungdomsmiljø på skolen. Målet for produksjonsskoledeltagelsen er deltakerens faglige, personlige og sosiale utvikling.*

Det må nemnast i denne samanheng at i Danmark har det nyleg vært ein skulereform som har medført at Produktionsskoleforeningen er avvikla og alle desse skulene har fått ein ny rolle innan praktisk opplæring for ungdommar som heiter Den forberedende grunnuddannelse (FGU)<sup>2</sup>.

Vår modell viser til danning gjennom produksjon som eit viktig omgrep. Danning på produksjonsskulen, og deltaking i produksjon, gjer det mogleg å etablere ein kontekst for sosial utvikling og læring, i tillegg til å gje kompetanse i fag. Danning i produksjonsskulen handlar om at sette seg sjølv til side, å forstå ytre samanhengar, å forstå seg sjølv i samanheng med andre og å kunne handle i desse samanhengane.

Produksjonsskulen driv eit kontinuerleg utviklingsarbeid, og gjer eit grundig arbeid for å vidareutvikle produksjonsskulen i tråd med verdisyn og prinsipp for opplæring som ligg til grunn for overordna del av læreplanen<sup>3</sup>. Tverrfaglege tema som folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling vert operasjonaliserte slik at produksjonsskulane også framover kan lukkast i å vise veg frå ord til handling. Sosial deltaking vil vere ein grunnleggjande føresetnad for personleg, så vel som fagleg vekst. For å oppnå dette treng ein å utvikle mening, som handlar om evna til å oppfatte seg sjølv og verda som meningsfull. Danningsomgrepet og sosial kompetanse vert dermed sidestilt med fagleg utbyte.

---

<sup>2</sup> <https://fgu.dk/uddannelsen/hvad-er-fgu/>

<sup>3</sup> [https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del---verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa\\_nynorsk.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del---verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa_nynorsk.pdf)

Trivsel, gjensidig tillit, samhold og lagånd er viktige omgrep for å kunne gjennomføre oppdrag for eksterne kundar. Opplæringa har som målsetting å bygge sjølvtilitt og eigenverdi gjennom gode meistringsopplevingar og samhold, og ved å skape trygge rammer, tett oppfølging og stor grad av fleksibilitet og individuell tilpassing. Livsmeistring, sjølvtilitt og trygg identitet gjev grobotn for personleg vekst og evne til å ta ansvar og dei gode val retta mot utdanning og arbeidsliv.

Gjennom deltaking på skulen skal ungdomen få danning og kvalifisering gjennom praktisk arbeid og ein produksjon, lære om arbeidslivet sine spelereglar, få opplæring i grunnleggjande ferdigheitar etter behov, samt naudsynt rådgiving.

Produksjonsskulen har i etableringsfasen støtta seg til erfaringar frå Danmark og etter kvart i Europa generelt, men har samstundes hatt fokus på å utvikle skulen i tråd med rammer, lovgiving og dei moglegheiter som finnest lokalt.



*Hardanger produksjonsskule*



*Hyssingen produksjonsskole*

# Målgruppe og innsøking

Produksjonsskulane har løpande inntak, og utskrivning til skule, lære eller arbeid gjennom heile året. Det er derfor ein kontinuerleg endring av kor mange som er på skulen til ei kvar tid og korleis gruppene i verkstaden er samansett.

Målgruppa på Hardanger produksjonsskule er ungdom mellom 16 og 21 år som har falle frå enten yrkesfagleg eller studieførebuande utdanningsprogram, og som treng ein ny veg inn i vidaregåande opplæring eller arbeid. Ein føresetnad for å ha rett til inntak til produksjonsskulen er at ungdomen har rett til vidaregåande opplæring etter forskrift i Opplæringslova § 3-1<sup>4</sup>.

Innsøkjande instans til skulen er Oppfølgingstjenesta (OT) som er ein del av Rettleiingstenesta (RLT) i Vestland Fylkeskommune. Føremålet med OT er å sørge for at all ungdom som høyrer til målgruppa får tilbod om opplæring, arbeid, andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse jf. §3-6 i opplæringslova. Det er utarbeida ein samarbeidsavtale mellom OT og produksjonsskulane som regulerer rutineane i høve arbeidsfordeling, oppfølging og ansvar mellom OT og produksjonsskulane (vedlegg 5). Produksjonsskulane har eige søknadsskjema (vedlegg 5), som vert fylt ut i framkant av skrivning av arbeidskontrakt (vedlegg 7). Når ungdomen har fullført eit opphald ved produksjonsskule vert det fylt ut ei skussmål (vedlegg 8) som stadfestar kva ungdommen har fått opplæring i, og på kva ferdigheitsnivå ungdomen har oppnådd. I enkelte tilfelle vil skussmålet kunne gje avkorting av læretid i etterkant.

Produksjonsskulen har kontinuerleg inntak gjennom året. Ungdomane som er i ferd med å falla ut av opplæringa blir «henta inn» av OT-rådgivarane, som er geografisk fordelte i Vestland fylke, og deltek i avklaringssamtalar med ungdomane ute på skulane. OT- rådgivarane utfører kartlegging av potensielle søkjarar, før det blir avtalt ei omvising på produksjonsskulen. Alle søknader om opptak må vere baserte på ungdomen sin eigen motivasjon og gjerne også interesse for eitt av fagområda. Ungdomane får, etter omvising og samtale på produksjonsskulen, tilbod om å prøve ut tiltaket i to veker før det vert skrive avtale om opplæring. Er ikkje oppmøtet tilfredsstillande i prøveperioden, eller det er føresetnader som gjer deltaking utfordrande, vert prøveperioden utvida. I samråd med OT er det bestemt å ikkje overskride seks veker prøveperiode. Om lag 2/3 av ungdommane som er på besøk og fullfører prøveperiode signerer arbeidskontrakt og vert del av produksjonsskulen. Den siste 1/3 avsluttar kontakten før kontraktsskriving og er ikkje med i resultatata under kapittelet «Måloppnåing». Ofte er det helserelaterte problemstillingar som gjer det vanskeleg for desse å delta ved produksjonsskulen, og slik syner trongen for andre tiltak for dei aller mest sårbare ungdommane.

Ungdomane kan vere på produksjonsskulen i opp til eit år, med moglegheit for å søkje om seks månadar lenging dersom innsøkjande instans, i samarbeid med produksjonsskulen og ungdommen, finn det føremålstenleg. Ungdomane ved produksjonsskulane har ikkje formell eleverstatus og brukar derfor ikkje av opplæringsretten sin.

Sentrale dokument knytt til inntak og opphald ved produksjonsskulane:

---

<sup>4</sup> [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_15#KAPITTEL\\_15](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_15#KAPITTEL_15)

**Samarbeidsavtale**  
 **mellom**  
 **Hyssingen & Hardanger produksjonsskole**  
 **og**  
 **Rettleingstjenesten (RLT)**



REVIS...



**ARBEIDSAVTALE**

Det er i dag den **dd.mm.åå** med oppstart av kontraktsperiode **dd.mm.åå** inngått arbeidsavtale mellom ..... og Hardanger Produksjonsskole. .... er tilknyttet primært .....-verksted, og arbeidstid er fra mandag til fredag fra klokken 09:00 til 15:00.

Ferieavvikling og eventuell annen arbeidstid er etter avtale.

Ved å underskrive denne avtalen forpliktar jeg meg til å følge skulen sine reglement både på dagtid og kveldstid.

Avtalen gjelder i ett år fra **dd.mm.åå**, eventuelt fram til videreføring til annet studie, lære eller arbeid.

Me ynskjer deg **høytlig velkommen** til Hardanger Produksjonsskole og håper du får eit fint og lærerikt opphold hjå oss.

Hordaland **dd.mm.åå**

.....  
 Håkon Gjerde  
 Avdelingsleiar

.....  
 Ungdom

Hyssingen produksjonsskole Vestland fylkeskommune	Hardanger produksjonsskole Vestland fylkeskommune
Søknadsskjema til <b>Hyssingen produksjonsskole &amp; Hardanger produksjonsskule</b>	

OPPLYSNINGAR OM UNGDOMMEN	
Etternamn, førenamn:	Fødselsnummer (11 siffer):
Bulleadresse:	Hjelpadresse:
Spisid:	Mobilnummer:
Førebete:	Mobilnummer:
Samtid nummerer:	
Jussid til skule:	

**UNGDOMMEN ØNSKJER Å DELTA PÅ FØLGJANDE VERKSTAD:**

HYSSINGEN PRODUKSJONSSKOLE	HARDANGER PRODUKSJONSSKULE
<input type="checkbox"/> Bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Natur og miljø – friluftsliv
<input type="checkbox"/> Designe og handverk	<input type="checkbox"/> Mekanisk verkstad
<input type="checkbox"/> Kulturverksted	<input type="checkbox"/> Digital verkstad – speldesign
<input type="checkbox"/> Restaurant og maffag	<input type="checkbox"/> SolIda verkstad

**BAKGRUNNSOPPLYSNINGAR** (t.d. skulebakgrunn, arbeidserfaring, kontaktnett, frávær, fagvanskar, skulevegring, kartleggingar m.m.)

**NO-SITUASJON** (fysisk og psykisk helse, rusbruk, økonomi, familieforhold)

**UNGDOMMEN SITT ØNSKJE OG MÅL MED DELTAKING PÅ PRODUKSJONSSKULEN**



**SKUSSMAL**

Deltagars namn:	Startdato:	Sluttdato:
Periode:	Verkstadsaktivitet:	Oppnådd kompetanse:
Periode:	Eventuell øvrig aktivitet:	Oppnådd kompetanse:

**Verkstadsleiar sin vurdering av deltagaren:**

Hardanger Produksjonsskule tilbyr eit undervisningsopplag som er basert på praktisk arbeid og produksjon. Undervisninga skal bidra til å utvikle deltagaren sin personlege, sosiale og faglege kompetanse med blikk på å fortsette utdanning eller få overgang til yrkeslivet.



# 4 ulike og unike verkstader

Ungdommane kan velje mellom 4 ulike verkstader ved Hardanger produksjonsskule.


## Natur og miljø:

Natur og miljø verkstaden er ein friluftslivsverkstad som arbeider både på land og på sjøen. Ungdommane arbeider med ei rekkje ulike aktivitetar. Dei har omlag halvdelen av tida på sjøen i vår NordStar 31 skulebåt. Der får dei fiska, vere med på forskingsprosjekt og ulike oppdrag for kundar som treng hjelp med arbeid i og ved sjøen. Når dei ikkje er på sjøen arbeider dei med ulike arbeidsoppgåver på og kring skulen. Me har ei vedline der me produserer ved for sal heile året, me har ein treverkstad (sløydsal) der dei driv med forskjellig bygningsarbeid. Verkstaden tar på seg små og store oppdrag utafør skulen for kundar som trenger hjelp.





## Mekanisk verkstad:

I den mekaniske verkstaden arbeider me med reparasjonar og vedlikehald av traktorar, traktorreiskap, alle typer små og større hagemaskiner, bilreparasjonar og enkel karosseriarbeid (rustfjerning, sparkling og lakking). Me har stort sett arbeid for eksterne kundar, men tar også inn bruktbilar som me pussar opp og sel vidare når dei er pussa opp.



## Digital verkstad:

I den digitale verkstaden skjer meste parten av arbeidet på pc, og rettar seg mot spel- og filmindustrien. Det kan vere digital teikning med teiknebrett, fotoredigering, 3D-modelering, animasjon, koding, og meir. I tillegg har me ein musikkverkstad, der det er mogleg å produsere musikk, lydeffektar og podcaster. Det er no kapasitet til 10 ungdommar i verkstaden.



## SoMe verkstad:

Den Sosiale Media verkstaden (SoMe) var planlagt starta i vår, men grunna Korona er den fyrst komme i gang no i haust og har plass til 8 ungdommar. I verkstaden arbeider ein med alle typar publiseringar og produksjonar på sosiale media. Me tar på oss oppdrag for kundar som ynskjer hjelp til å få ein betre og meir profesjonell profil på dei sosiale plattformane dei nyttar. Ungdommane vil arbeide mykje med produktskildring gjennom bileter/video og tekst, og vil i tillegg samarbeide med den digitale verkstaden dersom det er trong for animasjonar eller lydproduksjon.



## Gardsbruket, kantine og internatet:

Produksjonsskulen ligg på ein gamal hagebruksskule der det er produksjon av frukt, bær og grønsaker, planteskuleproduksjon og drift av ein stor park. Ungdommane tar innimellom del i arbeidet på garden når det enten er trong for nokre ekstra hender, eller dei treng ei avveksling frå den daglege produksjonen i eigen verkstad. Ein del av det som vert produsert på garden finn vegen inn på kjøkkenet, og ut igjen i måltida ungdommane får servert 4 gonger om dagen i kantina.

Etter arbeidsdagen kan det vera fint å kople av. Dei aller fleste som går på produsjonsskulen bur på internatet, der dei har eigne rom å trekkje seg tilbake på, eller gå på besøk til kvarandre. På internatet finn ein også ei tv-stove, eit biljardrom, samt eit studentkjøkken. Ein del nyttar og den digitale verkstaden og lydstudioet utover kvelden.

Om det er ynseleg med ei treningsøkt er det også eit styrkerommet og eit idrettsanlegget som ligg like i nærleiken. På sommartid har me eige brygge med robåt, som kan nyttast til bading og moro.

# Samarbeid og utvikling

Vestland fylkeskommune har no etablert to produksjonsskular som er organisert som ei eining med to avdelingar som samarbeider tett i høve kvalitetssystem, erfaringsutveksling og generell utvikling av skulane. Produksjonsskulane samarbeider naturleg tett opp mot andre offentleg aktørar, som vidaregåande skule, kommunar, spesialhelsetenesta m.m.. Produksjonsskulane har og etablert godt samarbeid med næringslivet, forskning og sosialt entreprenørskap gjennom ulike prosjekt som kjem ungdommane våre til nytte.

Produksjonsskulane er organisert som eit OT-tiltak og samhandling mellom produsjonsskulen og rettleiingstenesta ved OT-rådgjevarane er tett jf. kapittel «Målgruppe og innsøking». I tillegg er det trong for å samarbeide med ein del andre aktørar i samfunnet til beste for ungdommane. Kommunane er ofte direkte involvert i tiltak kring ungdommane gjennom til dømes kommunalt barnevern, kommunal helseteneste (fastlege, helsesjukepleiar) og kommunale NAV-kontor. Fleire av ungdommane har ansvarsgrupper kring seg som produksjonsskulen ofte deltar i, den tida ungdommane er på vår skule. Hardanger produksjonsskule er lokalisert i Ulvik herad og kommunen har heile tida vore ein god medspelar og ytt gode tenester, særleg innan helsesektoren. Dei er og ein viktig tenestekjøpar av våre produkter.

Mange ungdommar slit med å finne seg sjølv i samfunnet, og har ofte ulike psykiske utfordringar. Ein del av desse går til spesialhelsetenesta hjå barne- ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP). I produksjonsskulen legg me til rette for at det er rom for slik oppfølging, og ofte heilt sentralt for å nå målet om å kunne få livet på skinner igjen, og komme attende til ordinær opplæring i skule/lære eller i arbeid.

## Næringslivet

Å arbeide i ein reell produksjon som har etterspurnad i samfunnet er ein av grunnpilarane i produksjonsskulen. Hardanger produksjonsskule har eigenproduksjon av varer og tenester i alle verkstadar og bidrar slik direkte som ein del av næringslivet. I tillegg tar produksjonsskulen på seg oppdrag for næringslivet slik at dei kan auke sin kvalitative og kvantitative eigenproduksjon. I den mekaniske verkstaden reparerer me maskiner og reiskapar som næringslivet (særleg primærnæringa) trenger for sin produksjon. I digital verkstad og SoMe-verkstad utfører me tenesteproduksjon i høve å hjelpe næringslivet med digital marknadsføring og synleggjering slik at dei betre kan utøve sine primære tenester.

Det er viktig med eit godt fotfeste i næringslivet for å knyte framtidige kontaktar for våre ungdommar, og me søkjer alltid å finne gode samarbeidspartnarar i næringslivet. Me er til stades og gjer oss

synlege i fora der næringslivet samlast som t.d. Hardangerkonferansen. Me ser mange mogleikar til vidare utvikle samarbeid i regionen til beste for ungdommane og næringslivet.

Ved Hardanger produksjonsskule er det utanom produksjonsskulen to klassar som tar vidaregåande gartnerutdanning på deltid, og 3 klassar fordelt på to utdanningsløp (Arborist og Lokal matkultur) som går fagskule på deltid. Tilsaman 5 klassar med vaksne som etter- og vidareutdannar seg. Det er positivt for ungdommane å sjå at ein kan lære og gå på skule gjennom heile livet. For desse 5 klassane er det avgjerande at produksjonsskulen som er motoren på skulen er i drift, både økonomisk, men også i form av produksjonane me har som desse klassane nyttar i si opplæring.

## Samarbeidsprosjekt

I produksjonsskulen er det to hovudmål i kvardagen for ungdommane, vere del av eit arbeidsfellesskap som skapar reelle produkt i samfunnet, og drive opplæring gjennom arbeid. Det er derfor interessant å ta del i ulike samarbeid- og forskingsprosjekt som både kan vere lærerikt og gi ny kunnskap i tillegg til at me utfører arbeid som er inntektsbringande. I verkstaden «Natur og miljø» har me samarbeid med ulike forskingsmiljø.

«Genbank Hardangerfjord» arbeider for å ta vare på lokal laks- og sjøaure. Ein del av arbeidet er knytt til forvaltning av bekkar og elvar i nærrområde, for å betre ivareta ei sårbar stamme av vill laks og sjøaure. Ungdommane er med i arbeid kring fysisk utbetringar av elvar og bekkar for å betre gytemogleikane, fangst av levande laks og aure i elvar for å hente ut rogn og mjølke for å kunne lage nye fiskeynglar og ikkje minst synleggjere arbeidet gjennom publiseringar.

Eit anna prosjekt Hardanger produksjonsskule er i lag med Havforskningsinstituttet. Me har vore med å setje ut 7 akustiske lyttebøyer spreidd i heile Hardangerfjorden for å fange opp lyd av niser. Målet er å få oversikt over kor mange niser det er i fjorden og korleis dei vandrar gjennom året i fjorden. Skulen har ansvar for å setje ut lyttebøyene og hente inn data frå lyttebøyene kvar andre månad det kommande året og sende data til Havforskningsinstituttet.

Skulen har og eit prosjekt i lag med Ulvik sportsfiskarlag for å etablere eit kunstig rev i Ulvikfjorden. Me har etablert eit kunstig rev av ei større mengd steinmassar. Målet er å fylje med og observere korleis flora og fauna etablerer seg på revet, og vonleg at ein får auka mengd med fisk i revet der det no er naturlege gøymestadar. Planen er å ha webkamera ståande med kontinuerleg filming på revet slik at alle, og særleg skular, kan fylje med på livet under havoverflata som del av undervisninga.

«Nordic trøffel AS» er eit innovativt selskap som prøver å få etablert trøffelproduksjon i Noreg. Selskapet vil både ha eigne trøffeltrefelt og selje trøffeltre til kundar som sjølv vil etablere seg. Nordic trøffel AS sine produksjonar er lokalisert på skulen, og produksjonsskulen har ansvaret for den daglege drift av dette. Dette er interessant både for produksjonsskulen, men også for fagskuletilbodet «Lokal matkultur».

# Måloppnåing

Produksjonsskulane i Vestland sine resultat syner at omlag 80% av ungdommane er i framtidsbyggande aktivitet innan utdanning eller arbeid etter eit opphald på produkssjonsskulane.

Når denne rapporten vert skrive medio november 2020 har Hardanger produksjonsskule vore i drift i ganske nøyaktig to år. Gjennom desse to åra har me etablert 4 verkstader med plass til kring 30 samtidige ungdommar, og ein årsgjennomstrøyming på opp mot 40 ungdommar.

Fyrste skuleår (som for vår del starta november 2018) hadde me tilbod i to verkstader og plass til 14-15 ungdommar. I skuleåret 2019/2020 hadde me tilbod i 3 verkstader og plass til kring 22 ungdommar og fyrst i inneverande skuleår (2020/2021) har me tilbod i alle 4 verkstadene og vil nå måltala me har sett med kring 30 samtidige ungdommar og om lag 40 ungdommar gjennom året.

Gjennom dei to åra me har vore i drift har det vore 56 ungdommar som har delteke, noko som gir ei årsgjennomstrøyming på 28 ungdommar pr år. Me forventar at når me no er i varig drift med 4 verkstader vil dette stabiliserer seg på kring 40 ungdommar pr år. For inneverande skuleår har me pr 30.11.2020 23 ungdommar i verkstadane. I tillegg har det vore stor aktivitet på tal ungdommar som har vore på besøk i november, og fleire som dermed er i løypa i høve inntak. Forventa status er at alle verkstadane har fullt belegg før jul 2020. Nye ungdommar inn etter dette vil verte mogleg etter kvart som ungdommar avsluttar på produksjonsskulen gjennom skuleåret for overgang til lære eller arbeid. Etterspurnaden er større enn kapasiteten deler av skuleåret.

I tabell 1 ser me at det er 24 ungdommar som har gjennomgått og avslutta eit opphald ved Hardanger produksjonsskule. Tal på vidareføring syner at omlag 80% av ungdommane er enten i ordinær skule, lære eller arbeid. Dei 20% som ikkje har nådd målet om tilbakeføring til framtidsbyggande aktivitet, er enten framleis arbeidssøkjande eller har helseproblem som hindrar dei.

Hardanger produksjonsskule				
Terminologi	Fullført kontrakt		Noverande situasjon	
Ordinær vgs	11	79%	11	79%
Fast arbeid	1		1	
Lærling	1		1	
Folkehøgskule	1		1	
Arbeidspraksis	5	21%	5	21%
Arbeidssøkjjar	2		2	
OT/Helse	3		3	
<b>Sum</b>	24		24	

Tabell 1: Resultat Hardanger produksjonsskule august 2018-november 2020

Resultata for Hardanger produksjonsskule så langt samsvarar med tala frå Hyssingen produksjonsskule sidan oppstart i 2015. For å få eit betre statistisk grunnlag har me i tabell 2 slått saman data for både Hardanger produksjonsskule og Hyssingen produksjonsskule for åra 2015-2020.

Produksjonsskulane i Vestland fylkeskommune			
Terminologi	Fullført kontrakt		Noverande situasjon
Ordinær vgs	44	82%	37
Fast arbeid	15		30
Lærling	14		16
Tilrettelagt vgs	4		6
Fagskule	9		2
Folkehøgskule	6		3
Høgskule/universitet	0		2
Vekstbedrift	4		4
Arbeidspraksis	13		7
Utanlandsopphald	1		2
Arbeidssøklar	9	18%	19
OT/Helse	10		6
OT/Nav/AAP	1		2
OT/Helse	5		1
<b>Sum</b>	137		137

Tabell 2: Resultat for produksjonsskulane i Vestland fylke 2015-2020




Diagram 1: Syner resultat/aktivitet ved fullført kontrakt og status pr haust 2020

Når skuleåret 2020/2021 vert avslutta reknar me med at Hardanger produksjonsskule vil ha utskrive i mellom 50 og 60 ungdommar, og totalt om lag 200 ungdommar for baa produksjonsskulane i perioden 2015-2021.

# Økonomi

I søknaden frå Hordaland fylkeskommune (vedlegg 2) med tilhøyrande prosjektskissa (vedlegg 3) var det sett opp eit økonomisk estimert behov på kr 13,8 millionar kroner i driftsbudsjett for å drive ein produksjonsskule med 4 verkstader og døgntilbod gjennom heile veka. Det vart søkt om 9 millionar i 4 år frå KD til å etablere Hardanger produksjonsskule. Hordaland fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune fekk innvilga eit treårig nasjonalt pilotprosjekt der KD/Udir har innvilga tilsaman 14,8 millionar i statlege midlar, som er i underkant av 5 millionar pr skuleår. I lag med midlar frå fylkeskommunen har derfor Hardanger produksjonsskule hatt kring 10 millionar i årleg offentleg finansiering.

For å klare å nå målet om oppstart av produksjonsskule med 4 verkstader og døgntilbod med eit redusert driftsbudsjett har ein måtte prioritere. Ynskje var å kunne halde skulen open i helgen, men sidan aktiviteten i verkstadane vart vurdert som det viktigaste, har ein avgrensa tilbodet til å gjelde frå måndag til fredag, og halde helgestengd. I tillegg har ein redusert tal tilsette i verkstadane, kantina og på internatet. Med desse grepa og eit auka fokus på eigen inntening av produksjonane ved skulen, har ein klart å halde eit redusert budsjett med trygg margin. Det hadde vore ei føremon for ungdommane å kunne hatt heilt eller delvis (annakvar) ope i helgene og slik fått mindre reise, særleg for dei med lengst reiseveg.

## Driftsrekneskap/budsjett:

	2018/2019	2019/2020	2020/2021	Sum	Prosent
<b>KD/Udir</b>	4,6	5,6	4,6	14,8	40,4%
<b>VLFK - opplæring</b>	4,4	5,4	5,5	15,3	41,8%
<b>VLFK – eigedom *</b>				2,6	7,1%
<b>Eigne inntekter</b>	1,25	1,3	1,4	3,95	10,8%
<b>Sum</b>	10,25	12,3	11,5	36,65	100%

\* Samla driftskostnad frå eigedomsavdeling frå august 2018 til november 2020 er på 2,6 millionar kroner.

## Investeringsrekneskap frå august 2018 til november 2020:

I tillegg til midlar Fylkeskommunen har bidrege i driftsbudsjettet så er det gjort ein del naudsynte investeringar for å kunne etablere dette nye tilbodet. Totalt har fylkeskommunen investert i ombygging av eksisterande bygg (fryserom, foredlingskjøkken m.m.), noko nybygg (båthus med kai og flytebrygge) og investeringar i naudsynt utstyr til verkstadane (båt, truck, 9-setars bil m.m.) for til saman kr 3 965 309,-.

# Oppsummering og vegen vidare

Hardanger produksjonsskule har gjennom dei to siste åra etablert eit tilbod/tiltak som i stor grad oppnår hovudmålsetjinga med å tilbakeføre ungdommar som står utafør ordinær opplæring til enten ordinær vidaregåande skule, lære eller arbeid. Det er etablert gode rutinar for korleis ein kan organisere eit slikt tilbod og gode rutinar for inntak og oppfølging. Resultata syner god tilbakeføringstal for denne gruppa som i særleg grad har vanskar med ordinær opplæring. Nokre erfaringar og utvidingar av tilbodet bør ved vidareføring føre til endringar dersom dette vonleg vert eit nasjonalt tilbod som fleire fylkeskommunar kan få etablert med statleg med-finansiering.

Tala syner at sjølv med ei ungdomsgruppe samansett av ungdommar med langt fleire utfordringar i livet enn gjennomsnittet, så er eit opphald ved produksjonsskulane eit effektivt tiltak for å hindre at dei vert ståande utafør ordinær opplæring. Det vert lagt ned eit stort arbeid i produksjonsskulane for å styrke desse ungdommane slik at dei vert rusta til å igjen delta i samfunnet, enten i ordinær skule, lære eller arbeid. Verdien av dette er høg for den enkelte det gjeld, og vil i eit lengre løp ha stor samfunnsmessig verdi.

Basert på erfaringane Vestland fylkeskommune har hatt med Hardanger produksjonsskule dei siste to åra, og Hyssingen produksjonsskule dei siste 6 åra, tyder dette på at tilbod til denne sårbare gruppa er ei god investering. Opplæringslova er klar på fylkeskommunane si plikt til å ha oppfølgingsstiltak for ungdommar som står utafør ordinær opplæring, men dei spesifikke tiltaka i seg sjølv er ikkje lovpålagt. Ei vidare statleg med-finansiering kan derfor vere avgjerande i høve å vidareføre dette tilbodet med eit godt økonomisk fundament.

Vestland fylkeskommune vil gjennom dette pilotprosjektet føreslå at blir gitt høve til vidareføring gjennom ein statleg budsjettpost der alle fylke som ynskjer å starte opp og drive produksjonsskule kan søkje om tilskot til dette. Tilskotet må vere på eit nivå som sikrar eit godt fundament for drifta, til dømes på det nivået Hardanger produksjonsskule har hatt i prosjektperioden.

Produksjonsskulane i Vestland fylkeskommune har vore organisert som eit OT-tiltak. Det har vore ein god måte å organisere tilbodet på. Ei utviding av tilbodet til også å gjelde ungdommar direkte frå 10. klasse vil etter vår erfaring vore føremålstenleg. Det er mange unge i ungdomsskulen ein ganske tidleg kan vurdere at dei vil vere tent med å kunne gå direkte frå 10. klasse til produksjonsskulen, utan å måtte «feile» i vidaregåande. Dette vil vere svært gunstig for den enkelte ungdom som då frå tid og rom til å finne sin veg før dei startar vidaregåande utdanning, og det vil vere bra for den vidaregåande skulen som i dag brukar mykje ressursar på denne gruppa, både i høve arbeidet med eit særskild inntak, stor ressursbruk i starten av skuleåret, når sjansen for at dei droppar ut er stor. Produksjonsskulen vil då i tillegg kunne fungere som eit 11-skuleår, der dei som ikkje er modne nok



endå, får litt meir tid til å oppleve meistring, finne rett utdanning og stille litt meir førebudd når dei startar på vidaregåande utdanning.

Ein anna problemstilling er at ungdomane i produksjonsskule ikkje har elevstatus. Når elevar fell ut av vidaregåande skule og kjem på listene til OT-tenesta, vert dei skrive ut av skulen og mister elevstatusen sin. Dette fører både til at dei ikkje lengre er knytt til opplæringslova direkte med sine rettar og plikter, og mister rett til stipend og lån gjennom lånekassa.

Avslutningsvis kan ein summere opp at prosjektet har synt at produksjonsskular er ein effektiv måte å hjelpe ungdommar attende til ordinær opplæring, og at dette bør verte eit nasjonalt tiltak fleire/alle fylker bør kunne ha som tilbod til denne gruppa. Det vil vere naturleg at tiltaket vert lov- eller forskriftsfesta, og at ungdommane også bør kunne starte direkte frå 10. klasse og få elevstatus når dei går ved produksjonsskulen, utan at dei brukar av opplæringsretten sin. Det er trong for å utgreie nærare statusen til ungdommane ved produksjonsskulane.




# Referansar

## Dokument som er referert til i rapporten

1. Riksrevisjonen sin undersøking av oppfølging av ungdom utanfor opplæring og arbeid, jf. Dokument 3:9 (2015-2016).  
<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/dokumentserien/2015-2016/dok-3-9-2015-2016.pdf>
2. Den forberedende grunnuddannels  
<https://fgu.dk/uddannelsen/hvad-er-fgu/>
3. Overordnet del – verdier og prinsipper  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del--verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa\\_nynorsk.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del--verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa_nynorsk.pdf)
4. Opplæringslova  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_15#KAPITTEL\\_15](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_15#KAPITTEL_15)

# Vedlegg

1. Departementets utlysingsbrev til fylkeskommunane av 20.6.2017
2. Søknad frå Hordaland fylkeskommune med prosjektskisse
3. Prosjektskisse Hjeltnes produksjonsskule
4. Kunnskapsdepartementet innvilga søknaden frå Hordaland fylkeskommune
5. Samarbeidsavtale mellom OT og produksjonsskulane
6. Søknadsskjemmar for inntak til produksjonsskulane
7. Arbeidsavtale mellom produksjonsskulen og ungdom
8. Skussmål
9. Vedtak Hordaland fylkesting – 7. mars 2017



vestlandfylke.no